

# **LEVERANSEAVTALE 2018**

**MELLOM**

**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

**OG**

**STATENS VEGVESEN REGION VEST**

## 1 Partane

Partane i denne avtalen er Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen (Svv) Region vest.

## 2 Føremål

Leveransen skal sikre at prosjekt og tiltak i høve til investeringar og drift/vedlikehald vert gjennomført innanfor fastlagde rammer med omsyn til kostnad, framdrift og kvalitet.

## 3 Mål

Svv Region vest skal arbeide for å nå måla som ligg til grunn i Regional transportplan 2018-2029, Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029 og handlingsprogram for Miljøløftet 2018-2021, med utgangspunkt i dei rammer som ligg i denne avtalen.

For 2018 vert følgjande mål lagt til grunn:

- Ferdigstille vedtekne prosjekt i samsvar med gjeldande kostnadsoverslag og framdriftsplan
- Starte opp nye prosjekt i samsvar med gjeldande kostnadsoverslag og framdriftsplan
- Gjennomføre planlegging av prosjekt i samsvar med gjeldande kostnadsoverslag og framdriftsplan
- Nytte avsette midlar til drift og vedlikehald slik dette er spesifisert i budsjettet for 2018.

## 4 Tildeling

Følgjande midlar vert tildelt for 2018 (brutto rammer, inkl. eksterne midlar):

	Fk midlar	**Anna finansiering	Alle tal i 1000 2018-kroner Sum
Drift og vedlikehald	538 200	0	538 200
Investeringar Hordaland utanom Bergen (inkl. forskot, tilskot og bompengar inkl. overførte)	401 000	253 639	654 639
*Rassikring	94 200		94 200
Investeringar Miljøløftet (inkl. bompengar 2018, overførte bompengar, tilskot, forskot og belønningsmidlar)	260 000	371 801	631 801
Bybaneprosjekta	0	509 400	509 400
<b>Totalt</b>	<b>1 293 400</b>	<b>1 134 840</b>	<b>2 428 240</b>

\*Rassikring inkl. statlege midlar som HFK får overført frå staten.

\*\*Anna finansiering: inkl. bompengar 2018, overførte bompengar, tilskot, og overførte belønningsmidlar.

Vedlegg 1, spesifisert budsjett, viser meir i detalj korleis midlane er fordelt på prosjekt og programområder. Midlane skal vidare disponerast i tråd med omtale i punkt 5.2, 5.3 og 5.4 med tilhøyrande vedlegg.

#### 5.4 Drift og vedlikehald

Nivået på drift og vedlikehald er definert i funksjonskontraktane og andre kontraktar med entreprenørar. I Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029 vert det lagt opp til å halde fast på dagens driftsnivå i kontraktane, men at det i forkant av kvar kontrakt vert ein gjennomgang av driftsnivået. Bruk av midlar til dekkelegging skal gjennomførast i tråd med dekkeleggingsprogrammet, som vert lagt fram i mars.

Løyvingar til drift og vedlikehald delar seg slik på følgjande hovudområde:

Alle tal i 1000 2018-kroner	
Hovudområde	Løyving 2018
Drift – regulert gjennom faste kontraktar	375 200
Drift - øvrig	67 500
<b>Sum drift</b>	<b>442 700</b>
Bruvedlikehald	15 400
Vegoppmerking	11 300
Dekkelegging	39 200
Ekstraløyving fylkestinget desember 2017	20 000
Vedlikehald – øvrig	9 600
<b>Sum vedlikehald</b>	<b>95 500</b>
<b>Totalt til drift og vedlikehald</b>	<b>538 200</b>

#### 5.5 Tiltaksplan 2018 - Diverse bestillingar og bistand – vedlegg 5

I Investeringsprogram for fylkesvegnettet og handlingsprogram for Miljøløftet, som er ein del av leveranseavtalen, er det omtalt tiltak, arbeidsoppgåver, utgreiingsprosjekt som Samferdselsavdelinga treng bistand frå Svv for å kunne følgje opp i 2018, utanom det som kjem direkte inn under planprogram og definerte prosjekt det er satt av midlar til. Gjennom samhandlingsmøter mellom Svv og Samferdselsavdelinga t.d. Fylkesvegrådet er det også definert tiltak der ein treng bidrag frå Svv. Tiltaksplan for 2018 viser kva bestillingar og bistand som er avtalt av det som er omtalt ovanfor og er lagt ved som vedlegg 5. Tiltaksplanen er ikkje uttømmende, men satt opp med utgangspunkt i det partane har oversikt over per januar 2018. Fylkesvegrådet skal gå gjennom status og revidere planen i april, september og rundt årsskiftet.

### **6 Styringsdialog og rapportering**

Mellom Svv Region vest og Hordaland fylkeskommune er det gjennom Fylkesvegrådet etablert eit møteforum. Fylkesvegrådet er styringsorgan for alle spørsmål gjeldande samarbeid om fylkesvegane, Fylkesvegrådet har inntil 10 møte i året, eller ved behov. Sjå vedlegg 4 Styrings- og dialogkalender.

Års- og tertialrapportar legg opp til same rapporteringsprosess og nivå som tidlegare. Hordaland fylkeskommune føreset at Svv Region vest held orientert om status i planarbeid, investeringsprosjekt og status for drift og vedlikehald som ein del av års- og tertialrapporteringa.

Hordaland fylkeskommune skal sende oppdaterte løyvingsbrev når det er vedteke budsjettendringar og spesifisert budsjett (vedlegg 1) skal oppdaterast gjennom året med budsjettjusteringar, i tett samarbeid med Svv Region vest.

Rapportering, oppfølging og dialog vert elles gjennomført i samsvar med rammeavtalen, kapittel 9. Dersom det i løpet av avtaleperioden oppstår avvik i høve til framdrift, kostnad eller kvalitet eller er fare for at ramme- eller leveranseavtalen ikkje vil bli oppfylt på eitt eller fleire viktige punkt, skal Svv

## 5 Leveranse

### 5.1 Overordna planlegging og utgreiing

Svv Region vest skal bidra i plan- og budsjettprosessar slik ansvarsdelinga mellom Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune er spesifisert i rammeavtalen og retningslinjene for sams vegadministrasjon.

Svv Region vest skal utarbeide grunnlag for rullering av Investeringsprogram for fylkesvegnettet og handlingsprogram for Miljøløftet, med utgangspunkt i RTP og gjeldande budsjett- og økonomiplan til fylkeskommunen.

### 5.2 Planlegging av enkeltprosjekt

For å sikre realisering av prioriterte byggeprosjekt i tråd med vedteke Investeringsprogram for fylkesvegnettet og handlingsprogram til Miljøløftet, er det avgjerande at prosjekta er planavklarte i tide.

Svv Region vest må melde frå så snart som råd for prosjekt som blir forsinka og komme med forslag til kva prosjekt som bør planleggjast.

Investeringsprogram for fylkesvegnettet (under planprogram) og handlingsprogram til Miljøløftet, sjå vedlegg 2 og 3, definerer kva for enkeltprosjekt som det skal nyttast planressursar til.

### 5.3 Investeringer

Investeringsbudsjettet i 2018 delar seg slik på følgjande hovudområde:

	Fk midlar	**Anna finansiering	Sum
Investeringar Hordaland utanom Bergen (inkl. forskot, tilskot og bompengar inkl. overførte)	401 000	253 639	654 639
* Rassikring	94 200		94 200
Investeringar Miljøløftet (inkl. bompengar 2018, overførte bompengar, tilskot og belønningsmidlar)	260 000	371 801	631 801
Bybaneprosjekta	0	509 400	509 400
<b>Totalt</b>	<b>755 200</b>	<b>1 134 840</b>	<b>1 890 040</b>

\*Rassikring inkl. statlege midlar som HFK får overført direkte frå staten

\*\*Anna finansiering inkl. bompengar 2018, overførte bompengar, tilskot og overførte belønningsmidlar.

Grunna at Hordaland fylkeskommune står for utbygginga av Bybanen og Statens vegvesen står for innkrevjing og utbetaling av bompengar til bybaneutbygginga, er budsjettala tatt med i leveranseavtalen.

Det vert vist til rammeavtalen, punkt 5.3. Investeringsprosjekta skal gjennomførast i tråd med vedlagte Investeringsprogram for fylkesvegnettet og handlingsprogram til Miljøløftet (sjå vedlegg 2 og 3)

Region vest omgående varsle Hordaland fylkeskommune. Svv skal foreslå tiltak for å korrigere situasjonen.

## 7 Endringar i avtalen

Begge partar kan ta opp spørsmål om endringar i avtalen dersom det i avtaleperioden oppstår vesentleg endra rammevilkår eller andre føresetnader. Eventuelle godkjente endringar må i tilfelle inkluderast i ein oppdatert avtale med vedlegg.

## 8 Underskrift


Denne avtalen er i to eksemplar, der partane får kvart sitt eksemplar.

Stad Bergen 2/3.18  
Dato

Stad Bergen, den 19.02.2018  
Dato



Hordaland fylkeskommune



Helge Lidsnes  
Statens vegvesen Region vest

Vedlegg til avtalen:

1. Spesifisert budsjett
2. Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029
3. Miljøløftet – handlingsprogram 2018-2021
4. Styrings- og dialogkalender – årshjul 2018
5. Tiltaksplan 2018